



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 4

(1999-2000)

Om lov om endring i lov 23. oktober
1959 nr. 3 om overføring av fast eigedo

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 15. oktober
1999, godkjend i statsråd same dagen.*

1 Innleiing

Proposisjonen inneheld framlegg til lov om endring i lov 23. oktober 1959 nr. 3 om oreigning av fast eigedom. Departementet går inn for at det blir gitt heimel for å oreigne til eller for vindkraftverk etter lov om oreigning av fast eigedom. Når det vert oreigna (ekspropriert, teke ut or eige) blir eigedomsretten, bruksrett eller annan rett til, i eller over fast eigedom teken, endra, overført eller avløyst med tvang, jf. oreigningslova § 1.

2 Om bakgrunnen for lovframlegget og o høyringa

2.1 Bakgrunnen for lovframlegget. Gjeldande rett

Høyringa skjer etter eit framlegg frå Olje- og energidepartementet om at oreigning til fordel for vindkraftverkformål «gis eksplisitt hjemmel i oreigningsloven». I brev 10. desember 1997 til Justisdepartementet skreiv Olje- og energidepartementet mellom anna dette:

«Bygging av vindkraftverk er nå aktuelt en rekke steder i landet. I den forbindelse har Norges vassdrags- og energiverk (NVE) fått en rekke henvendelser vedrørende den formelle behandling av slike anlegg, herunder er det reist spørsmål om det i dag finnes tilstrekkelig hjemmel for ekspropriasjon til fordel for vindkraftverk.»

Justisdepartementet byggjer på at etter gjeldande rett kan oreigning til vindkraftverkformål ikkje skje etter lov 23. oktober 1959 nr. 3 om oreigning av fast eiendom, herifrå kalla oreigningslova. Oreigning kan likevel skje etter plan- og bygningslova 14. juni 1985 nr. 77 § 35 nr. 1 «til gjennomføring av reguleringsplan eller bebyggelsesplan». Det er då kommunestyret eller staten som lyt oreigne. I praksis skjer oreigning til kraftverkformål mest etter oreigningslova og vassdragslovverket sitt system. Ei oreigning kan då etter tilhøva setjast i verk tidlegare enn om oreigninga skal skje etter plan- og bygningslova. Det kan bli teke skritt for å oreigne allereie parallelt med ein kommunal planprosess. Blir oreigningslova § 2 endra slik at det blir klårt at det kan oreignast etter den, vil oreigningsinngrep kunne «setjast i verk etter vedtak av eller samtykke frå Kongen». Kongen sin kompetanse kan delegerast etter oreigningslova § 5, og Kongen i riksråd kan etter § 3 gi føresegner om at jamvel andre enn staten og kommunar etter samtykke kan få gjera oreigningsinngrep. For kraftverksektoren er heimelen til delegasjon nytta. Kongen sin kompetanse til å treffe vedtak eller gi samtykke til oreigning etter § 2 nr. 19 om «varmekraftverk, kraftliner, transformatorstasjonar og andre elektriske anlegg» er delegert til Olje- og energidepartementet, Norges vassdrags- og energiverk (NVE), og i ein viss mon til fylkesmennene. Desse kan då jamvel samtykke i oreigning til føremon for einkvar, altså til andre enn kommune eller stat. Mellom anna kan dette vere private kraftselskap eller andre privatfolk, til dømes grunneigarar som går saman om å nytte ut kraft.

Olje- og energidepartementet skreiv i brevet om spørsmålet om oreigningsheimel i oreigningslova mellom anna at:

«en ekspropriasjonshjemmel er nødvendig for å sikre at en økende og mest mulig rasjonell vindkraftutbygging kan ivaretas tilfredsstillende, med henblikk på å sikre en optimal plassering og utstrekning av vindmølleparker. Da vindforholdene er viktige for lønnsomheten av et vindkraftprosjekt, vil båndlegging og restriksjoner på bruk av arealer rundt slike anlegg kunne være nødvendig for å hindre tiltak som kan redusere energiutnyttelsen av et etablert anlegg.»

Bakgrunnen for Olje- og energidepartementet sitt framlegg er eit tilsvarande framlegg frå NVE ved brev 24. oktober 1997. Statkraft SF hadde 14. oktober 1997 sendt brev til NVE og gått inn for at det vart gitt heimel til slik oreigning i oreigningslova. Statkraft SF viste mellom anna til at:

«bygging og drift av vindkraftverk som hovedregel vil innebære at det må erverves rettigheter i forhold til et stort antall grunneiere. Dette skyldes dels at et anlegg av noen størrelse vil kunne kreve erverv av ulike typer av rettigheter over et område på flere tusen mål. Videre er forholdet at disse i praksis vil bli etablert i utmarksområder, hvor grunn og rettigheter ofte ligger i sameie mellom et større eller mindre antall bruk. ... Erfaringsmessig vil det da være meget vanskelig å oppnå minnelige avtaler med alle grunn- og rettighetshavere. ...»

2.2 Justisdepartementet sitt høyringsbrev

Justisdepartementet sende 12. mai 1998 til høyring eit lovframlegg om at oreigning til vindkraftverk skulle kunne skje etter oreigningslova § 2 første leddet nr. 19. Oreigningslova § 2 første leddet nr. 19 ville etter framlegget gi følgjande regel: «Mot vederlag etter skjøn til den det råkar, kan oreigningsinngrep setjast i verk etter vedtak av eller samtykke frå Kongen, så langt det trengst til eller for: ... 19. Varmekraftverk, *vindkraftverk*, kraftliner, transformatorstasjoner og andre elektriske anlegg.» I høyringsbrevet hadde Justisdepartementet følgjande merknader til lovframlegget:

«Det er etter gjeldande rett høve til å oreigne til eller for kraftverk av ymse slag: atomkraftverk, varmekraftverk, vasskraftverk. Å byggje vindkraftverk har til no vore lite tenkt på. Det er etter Justisdepartementet sitt syn naturleg at det blir gitt høve til å oreigne etter oreigningslova til dette formålet når nytting av vindkraft no er blitt aktuelt. Ein må gå ut frå at ein heimel til oreigning etter oreigningslova vil leggje tilhøva betre til rette for mest mogleg samfunnsstenleg utnytting av vindkrafta, enn om ein berre skulle ha eit meir avgrensa høve til oreigning etter plan- og bygningslova.

Oreigning til vindkraftverk er mest aktuelt i høve til tiltak sett i verk av andre enn stat og kommune. Ein heimel i oreigningslova vil då gi høve til å gi samtykke til å føre over eller skipe rettar direkte til eller for private tiltakshavarar.

Justisdepartementet vil halde fram at ved oreigning til vindkraftverk kan det mellom anna vere aktuelt å føre over eller skipe naudsyn-te rettar, utan at eigedomsretten til grunnen blir teke. Annan bruk av landbruksareal og utmark kan truleg ofte halde fram om lag som før, sjølv om det blir bygd vindkraftverk.

Om administrative og økonomiske konsekvensar og verknader for rettstryggleik og miljø har Justisdepartementet desse særlege merknadene:

Om oreigning konkret kan setjast i verk, vil måtte vurderast konkret på same måte som for andre slag oreigningsinngrep. Sjå særleg oreigningslova § 2 siste leddet: Oreigning kan ikkje skje «utan det må reknast med at inngrepet tvillaust er til meir gagn enn skade». Den som oreigningsinngrepet råkar, får sin rettstryggleik sikra på vanleg måte etter reglane om sakshandsaming i oreigningslova. For inngrepet skal han ha skadebot etter lov 6 april 1984 nr 17 om vederlag ved oreigning av fast eigedom. Skadebota skal minst dekkje salsverdien av eigedomen eller rettane, eller etter nærare reglar bruksverdien eller

utgifter til attkjøp. Om skadebota skal fastsetjast etter salsverdi, skal denne fastsetjast på grunnlag av det som ein må rekne med at vanlege kjøparar ville gi for eigedomen eller rettane ved friviljug sal, jf lova § 5 fyrste leddet.

Bygging av vindkraftverk vil gi offentlege styremakter ymse slag administrativt arbeid. Mellom anna kan konsesjonshandsaming etter energilova 29 juni 1990 nr 50 vere naudsynt, om kraftverket har ein viss storleik. Også andre lover vil eller kan få verknad ved bygging av vindkraftverk, særleg plan- og bygningslova 14 juni 1985 nr 77 og forureiningslova 13 mars 1981 nr 6. Dessutan kan kulturminnelova 9 juni 1978 nr 50 vere naturleg å nemne her. Administrativ handsaming av ei oreigningssak kjem i tillegg til dette. På grunn av dei skilnader som er mellom oreigning etter oreigningslova og etter plan- og bygningslova ... må ein gå ut frå at ei lovendring kan føre til at oreigningsinngrep kan bli sett i verk oftare enn om lova ikkje blir endra. Justisdepartementet har som føresetnad at eit mogleg administrativt meirarbeid skal skje innanfor vanlege budsjettrammer.

For utbyggjaren kan ein oreigningsheimel i oreigningslova etter tilhøva gjere at vindkraftverket kan bli lagt i terrenget på den måten som gir best driftstilhøve.

Ei endring i oreigningslova kan ha ein god miljøverknad fordi den legg til rette for å dekkje etterspurnad etter energi ved eit energislag som ålment må reknast som miljøvenleg. Ei endring vil òg gjere det lettare å leggje kraftverket i terrenget på den måten som er best for miljøet. Justisdepartementet føreset at ulemper for miljøet blir vurder- te i samband med den einskilde oreigningssaka.»

Høyringsbrevet blei sendt til følgjande instansar:

- Departementa
- Fylkesmennene
- Fylkeskommunane
- Kommunane
- Den Norske Advokatforeining
- Den norske Dommerforening
- Den Norske Turistforening
- Energiforsyningens fellesorganisasjon (ENFO)
- Fortidsminneforeningen
- Forum for utvikling og miljø
- Framtiden i våre hender
- Friluftslivets fellesorganisasjon
- Greenpeace Norge
- Kommunenes Sentralforbund
- Kulturvernets fellesorganisasjon
- Landsorganisasjonen i Norge
- Miljøstiftelsen Bellona
- Natur og ungdom
- Norges Bondelag
- Norges Jeger- og fiskerforbund
- Norges jordskifte kandidatforening, Lovutvalget
- Norges Huseierforbund
- Norges Hytteforbund
- Norges Miljøvernforbund

Norges Naturvernforbund
Norges Skogeierforbund
Norges vassdrags- og energiverk (NVE)
Norsk allmenningsforbund
Norsk Biologforening
Norsk Bonde- og Småbrukarlag
Norsk forening mot støy
Norsk Ornitologisk Forening
Norsk Vindmøllelag
Norsk Zoologisk Forening
Norske Reindriftssamers Landsforbund
Norske Samers Riksforbund
Næringslivets hovedorganisasjon
Regjeringsadvokaten
Samarbeidsrådet for naturvernsaker
Samenes Folkeforbund
Sametinget
Skogbruksforeningen av 1950
Statkraft SF
Statskog SF
Stortingets ombudsmann for forvaltningen
Verdens Naturfond (WWF Norge)

2.3 Høyringsfråsegnene

Departementet har mottatte skriftlege realitetsfråsegner frå følgjande organ og organisasjonar:

Fiskeridepartementet
Forsvarsdepartementet
Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet
Nærings- og handelsdepartementet
Olje- og energidepartementet
Fylkesmannen i Hedmark
Fylkesmannen i Sør-Trøndelag
Fylkesmannen i Vest-Agder
Finnmark fylkeskommune
Møre og Romsdal fylkeskommune
Rogaland fylkeskommune
Sør-Trøndelag fylkeskommune
Austevoll kommune
Bergen kommune
Fræna kommune
Oslo kommune
Sørum kommune
Ålesund kommune
Den Norske Advokatforening
Energiforsynings Fellesorganisasjon (EnFO)
Landsorganisasjonen i Norge (LO)

Miljøstiftelsen Bellona
Norges Bondelag
Norges Hytteforbund
Norges Jordskifte kandidatforening (NJKF)
Norges Skogeierforbund
Norsk Bonde- og Småbrukarlag
Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)
Statkraft SF
Vindkraftforum Vest

I tillegg har fleire instansar heilt kort skrive at dei ikkje har merknader til framlegget.

Dei fleste som har merknader er positive til lovframlegget eller gir uttrykk for at dei ikkje har nokon innvendingar mot det. Dette er *Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet, Nærings- og handelsdepartementet, Olje- og energidepartementet, Fylkesmannen i Vest-Agder, Finnmark fylkeskommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune, Bergen kommune, Fræna kommune, Oslo kommune, Sørums kommun, Ålesund kommune, Energiforsyningens Fellesorganisasjon, Landsorganisasjonen i Norge, Miljøstiftelsen Bellona, Norges Jordskifte kandidatforening, Næringslivets Hovedorganisasjon, Statkraft SF og Vindkraftforum Vest.*

Berre *Norges Skogeierforbundet* vilkårslaut imot ei lovendring. *Norges Bondelag* kan berre på visse vilkår godta ei lovendring. Fleire instansar har ymse merknader, til dømes om handsaminga av saker om bygging av vindkraftverk etter anna lovverk. Fleire av desse tek ikkje eit eigentleg standpunkt til lovspørsmålet som er til høyring, men synest akseptere ei lovendring. *Norsk Bonde- og Småbrukarlag* føreset at landbruksinteressene blir tekne omsyn til, men «har utover dette ingen innvendinger mot» lovendringa. Ein liknande merknad kjem frå *Norges Hytteforbund*, som særleg ottast konflikta mellom vindkraftverk og friluftsliv. *Fylkesmannen i Sør-Trøndelag* ser «at det klart kan være behov for en ekspropriasjonshjemmel», men «mener ut fra et landbruksfaglig synspunkt at konsekvensene/virkningene av å innføre en ekspropriasjonshjemmel ..., er for dårlig utredet».

Departementet vil her trekkje fram nokre fråsegner:

Miljøstiftelsen Bellona har følgjande fråsegn:

«Norge har en unik fornybar energiressurs i form av vind langs kysten, og svært gode naturgitte forhold for utbygging av vindkraft. Resultatene av tørrår har vist at det norske elektrisitetssystemet mangler den ønskelige fleksibiliteten. I Norge kan det raskt bygges ut 14 TWh vindkraft i de mest optimale områdene, med en pris ned mot 20 øre per kWh. Det tilsvarer mer enn 10 prosent av dagens norske elektrisitetsproduksjon. Vindkraft i samspill med vannkraft er en ideell kombinasjon, fordi vannmagasinene kan fungere som lager for vindenergien. Vindkraft produserer også mest om vinteren når behovet er størst, slik at man i større grad slipper å tappe ned magasinene.

Økt satsing på vindkraft og annen fornybar energiproduksjon forutsetter at det legges til rette for slik produksjon.

En ekspropriasjonshjemmel kan være nødvendig for å sikre at en økende og mest mulig rasjonell vindkraftutbygging kan ivaretas tilfredsstillende, med henblikk på å sikre en optimal plassering og utstrekning av vindmølleparker. Da vindforholdene er viktige for

lønnsomheten av et vindkraftprosjekt, vil båndlegging og restriksjoner på bruk av arealer rundt slike anlegg kunne være nødvendig for å hindre tiltak som kan redusere energiutnyttelsen av et slikt anlegg. Det er derimot ønskelig at det lages avtaler mellom utbygger og grunneier fremfor å ta i bruk ekspropriasjonshjemmelen.

Bellona ser det som viktig at det foreslåtte lovvedtaket blir gjennomført.»

Sør-Trøndelag fylkeskommuneer «usikker på nødvendigheten for å gi ekspropriasjonshjemmel for slike tiltak, ut over den hjemmel som allerede ligger i plan- og bygningsloven», men seier likevel at ein ikkje vil «gå i mot den foreslåtte endringen».

Fylkeskommunen peiker på arealbehovet ved bygging av vindmølleparkekar med «interesse for de største energiselskapene», og seier at av eit areal på 5 - 10 km², vil berre 1 - 2 % gå til vindturbinane og vegar. Vidare seier fylkeskommunen:

«Arealene for øvrig kan benyttes, men med restriksjoner. ... Det kan også reises spørsmål om en faktisk kan finne konfliktfrie områder i kystkommunene (i Trøndelag) som både dekker kriteriene til kraftproduksjon og som ikke fører til utilbørlige skader for andre parter ...».

Fylkeskommunen peiker likevel óg på at teknologien utviklast raskt; «mølleantallet [vil] reduseres og behovet for grunnavståelse» vil óg minke.

I fråsegna frå *Møre og Romsdal fylkeskommuneheiter* det mellom anna:

«Sjølv om oreigning ... kan skje på grunnlag av reguleringsplan [etter plan- og bygningslova], vil det nok vere upraktisk at kommunen i alle samanhengar må stå føre oreigninga, når (dersom) det likevel skal skje ei konsesjonsbehandling gjennom NVE.»

Fylkeskommunen peiker óg på at

«vindkraftanlegg vil framstå som betydelege fysiske konstruksjonar med spesielt store visuelle konsekvensar i forhold til den produksjonskapasitet desse har, samanlikna med andre el-produksjonsformål. Dette tilseier at denne type anlegg nok i større grad enn andre produksjonsanlegg må tuftast på kommunal planlegging og byggjesaksbehandling med tilhøyrande kommunale avgjerdsprosessar.»

Óg *Norges Jordskifte kandidatforening* viser til at ordninga etter gjeldande rett kan vere problematisk. Foreininga viser til at vedtak om oreigning etter plan- og bygningslova i praksis «fattes ... overveiende av kommunestyret», og seier:

«Erfaringsmessig er enkelte kommunestyre svært tilbakeholdne med å benytte seg av ekspropriasjon. Det kan medføre at etablering vanskeliggjøres i enkelte kommuner.»

Olje- og energidepartementet seier at departementet:

«holder fast ved at det bør gis en klar hjemmel for ekspropriasjon for vindkraftverk i oreigningsloven. En slik hjemmel er nødvendig dersom det ikke viser seg mulig å komme frem til en avtale med grunneier om rett til oppføring av slike anlegg.

Departementet legger til grunn at utbygging av vindkraftverk vil være godt egnet for deltagelse fra lokale interessenter som ofte også vil være rettighetshavere i de områder hvor oppføring kan være aktu-

elt. Departementet går derfor ut fra at det i de aller fleste tilfelle vil være mulig å oppnå nødvendige avtaler uten å måtte gå veien om ekspropriasjon.

Uavhengig av oreigningsloven vil ulempene for miljøet bli vurdert i forbindelse med at vindkraftverk av en viss størrelse krever konsesjon etter energiloven kap. 3, jf. § 3-1 i forskriftene til energiloven.»

Norsk Bonde- og Småbrukarlag har mellom anna denne kommentaren:

«Vi vet at vindkraftverk er plasskrevende. Ofte vil slike inngrep omfatte flere grunneiere og legge begrensninger i forhold til grunneiers bruk av arealene. Norsk Bonde- og Småbrukarlag forutsetter at landbruksinteressene blir tatt hensyn til i slike saker, slik at vindkraftverk ikke skaper konflikt med de som driver landbruk i de aktuelle områdene.

Norsk Bonde- og Småbrukarlag har utover dette ingen innvendinger mot at oreigningslovas § 2 første ledd nr. 19 endres i tråd med forslaget fra Justisdepartementet ...».

Norges Skogeierforbundet som sagt imot ei lovendring og seier mellom anna:

«Ekspropriasjon vil si at man tar eiendommen fra grunneieren med tvang dersom han ikke vil avstå frivillig. I et samfunn hvor vi bygger på privat eiendomsrett og har gitt denne et grunnlovsmessig vern (Grl. § 105) er det bare tiltak til viktige samfunnsmessige forhold som det bør være særskilt hjemmel til å ekspropriere. Når det i følge høringsbrevet allerede er hjemmel i plan- og bygningsloven for at stat eller kommune kan ekspropriere når det blir regulert til formål: «vindkraftverk», skulle det akutte behovet som samfunnet måtte ha være dekket. Det bør da være all grunn til at andre (kraftselskaper eller andre sammenslutninger) som ønsker å stå for slik utbygging, selv tar kontakt og forhandler med grunneiere om erverv av grunn til formålet. På denne måten vil vi få et marked som sier noe om hva slik grunn er verd. Vi kan ikke se noe behov for at det på det nåværende tidspunkt skal gis en ekspropriasjonshjemmel som nødvendigvis vil gripe forstyrrende inn i en ellers naturlig utvikling på området.

Foreløpig har utnyttelse av vindkraft lite omfang - nærmest på forsøksbasis - og er i overskuelig framtid ikke forutsatt å gi vesentlige bidrag til energiforsyningen samlet sett. Hittil er det også stor usikkerhet med hensyn til driftsøkonomi og produksjonspris pr kWh. Det finnes derfor neppe tungtveiende moment som taler for at det haster med å innføre den omtalte ekspropriasjonshjemmelen.

Dersom det viser seg at det blir vanskelig eller umulig å få gjennomført utbygging av vindkraft i en takt som er samfunnstjenlig, får man vurdere å innføre ekspropriasjonshjemmel på et senere tidspunkt når man ser hvordan markedet for slik kraft utvikler seg.

Vi kan også nevne at det i Danmark er vanlig fremgangsmåte ved erverv av grunn til vindmøllekraftverk, at det utarbeides avtale mellom energiverkene og landbrukets organisasjoner som fastsetter priser etter forhandlinger mellom partene.

Vi vil på dette grunnlag gå imot at det innføres en egen ekspropriasjonshjemmel i oreigningsloven nå, og vi er følgelig også imot den foreslåtte lovendring i oreigningslovens § 2 nr. 19.»

Norges Bondelaghar mellom anna desse merknadene:

«Dersom det skal gis en ekspropriasjonshjemmel for vindkraftverk, må denne ... være utformet slik at den gir adgang for grunneierne til en

rimelig andel av den verdiøkningen som arealene rent faktisk får som følge av at en utbygger tar arealene i bruk. Vi viser i denne forbindelse til hva vi tidligere har uttalt i brev av 24.3. d.å. [1998] til Justisdepartementet:

«Norges Bondelag mener at innholdet i en eventuell ekspropriasjonshjemmel for grunn til vindkraftutbygging bør utformes slik at det fremmer aktivt lokalt eierskap og lokal virksomhet og utvikling.

Norges Bondelag kan ikke akseptere at en ekspropriasjonshjemmel eventuelt blir brukt av det offentlige eller til fordel for store selskaper, til å fortrenge grunneiere og lokale aktører og interessenter som ønsker å stå for utbygging og drift av vindmøller selv. Norges Bondelag kan heller ikke akseptere at hjemmelen blir brukt til å holde grunn og ulempeserstatninger på et minimumsnivå.

Norges Bondelag kan ikke akseptere at det innføres en hjemmel for ekspropriasjon av arealer til vindkraftutbygging som innebærer at grunneiere og lokalsamfunn ikke får en rimelig andel av verdiskapningen ved vindkraftproduksjon.»

På bakgrunn av ovennevnte bør Regjeringen opprette en bredt sammensatt gruppe med representanter fra bl.a. grunneierinteressene til å vurdere behovet for en egen ekspropriasjonshjemmel, sett i forhold til situasjonen uten ekspropriasjonshjemmel hvor da tilbud/etterspørsel etter arealet til vindkraft vil fastsette markedsverdien for de kommersielle interessene. Innholdet i en eventuell ekspropriasjonshjemmel bør isåfall omfatte hva nettoverdien av kraft vil utgjøre for utbygger som et moment i erstatningsoppgjøret med grunneier.»

Den Norske Advokatforening tek likeins opp skadebotproblematikken:

«Vindkraftanleggene forutsettes å utnytte naturkrefter til produksjon av elektrisk energi. Samtidig forutsettes at denne produksjonen skal skje på kommersiell basis av private investorer som anført av [Olje- og energidepartementet].

På lignende måte som for vannkraftverk, vil det være naturlig å utvide vederlagsreglene slik at grunneierne her også får en rimelig andel av de verdier eiendommen representerer som produksjonsgrunnlag for denne virksomheten. Vederlaget kan sikres gjennom tillegg til ekspropriasjonserstatningene (prosenttillegg) eller som en godtgjørelse pr. produsert enhet, slik en har sett eksempler på gjennom frivillige avtaler mellom grunneiere og investorer som ønsker å bygge vindkraftanlegg.

Utvalget [Den Norske Advokatforening] antar at slike regler bl.a. vil kunne skape positive holdninger til disse anleggene til tross for de betydelige miljøskadene som her kan oppstå. ...».

3 Justisdepartementet sine merknader

3.1 Vindkraft og energipolitikken til Regjeringa

I St. meld. nr. 29 (1998-99) Om energipolitikken, fremma av Olje- og energidepartementet, s. 22 er det sagt følgjande om vindkraften:

«Kostnadene ved vindkraftproduksjon er betydelig redusert de siste 20 årene, og vindkraft er i dag blant de fornybare energikildene som står nærmest en lønnsom produksjon. Anslagene på kostnadene ved vindkraft varierer betydelig, avhengig av avstand til eksisterende overføringsnett, lokale vindforhold og forutsetninger om den teknologiske utviklingen.

Det finnes i dag planer for installasjon av totalt 600 MW vindkraft i Norge. Dette kan gi en produksjon i underkant av 2 TWh/år. I NOU 1998: 11 Energi og kraftbalansen mot 2020 er det beregnet at produksjonskostnadene for disse prosjektene ligger mellom 26 og 34 øre/kWh. I tillegg kommer kostnadene ved tilknytning til nettet, som for de aktuelle stedene ligger mellom 2-6 øre/kWh. ...

Kommersialiseringen av større vindturbiner (1,5 - 3 MW) kan bidra til en fortsatt reduksjon i kostnadene fremover. I Energiutvalgets framskrivninger ble det lagt til grunn en høyere teknologisk framgang på vindkraften enn for andre kraftteknologier. Utbygging av vindkraft ble likevel ikke lønnsomt fram mot 2020, dersom kraftprisene holder seg på et moderat nivå. I beregningene av scenariene med harmoniserte CO₂-avgifter/kvoter på 400 kr/tonn i Norden og Europa, økte kraftprisen til nærmere 30 øre/kWh fram mot 2020. I dette tilfellet ble det lønnsomt å bygge ut 5,4 TWh/år i perioden 2005-2020. Dette tilsvarer en utbygging av omlag 1650 vindturbiner på 1,5 MW, eller i overkant av 100 vindturbiner i året. Disse beregningene illustrerer at en fortsatt sterk teknologisk framgang på vindkraft, og kraftpriser som gjenspeiler de internasjonale miljøkostnadene kan føre til at vindkraft på sikt vil gi et bidrag til den innenlandske kraftoppdekningen. Det er imidlertid viktig at utbyggingen av vindkraft foregår på bakgrunn av en planlegging som både tar hensyn til hvordan en kan få en god utnyttelse av vindressursene, og samtidig ivaretar miljø, landskap og annen arealbruk.»

For å få sett desse tala inn i ein større samanheng, nemner Justisdepartementet at i St. meld. nr. 29 (1998-99) s. 16 går det fram at det samla norske energiforbruket i 1996 var 113,8 TWh/år. Av dette gjekk 35,9 TWh/år til hushaldning, og 28,5 TWh/år til kraftkrevjande industri.

I St. meld. nr. 29 (1998-99) s. 36, jf. òg s. 32, står følgjande om vindkraft:

«Det er et mål å bygge vindkraftanlegg som årlig produserer 3 TWh innen år 2010. Dette målet er ambisiøst og forutsetter en langsiktig og tung satsing. Behovet for økonomisk støtte må løpende vurderes i lys av utviklingen i prisene for tradisjonelle energibærere og utviklingen i kostnadene for de nye, fornybare energikildene og energieffektiv teknologi.»

I tillegg gjer Regjeringa framlegg om å satse på «mer vannbåren varme basert på nye fornybare energikilder, varmpumper og spillvarme på 4 TWh/år innen år 2010», jf. s. 74, sjå òg s. 32 og 36. Om kostnadene ved denne satsinga på vindkraft og varme bore fram av vatn, står følgjande på s. 74:

«Omleggingen forutsetter en energipakke med en opptrapping av elavgiften kombinert med tilskudd til investeringer innenfor en ramme på inntil 5 milliarder kroner over en 10 års periode. Dersom det skulle skje en utvikling av teknologi som øker lønnsomheten av nye fornybare energikilder vesentlig, så kan størrelsen på støttebeløpet vurderes. ...»

Om støtte til vindkraft er det m.a. sagt i St. prp. nr. 1 (1999-2000) (Olje- og energidepartementet) s. 58:

«Det kan gis en investeringsstøtte på opptil 25 pst. av godkjente kostnader, oppad avgrenset til 8000 kr/kWh. Anlegget må bestå av et aggregat med en installert effekt høyere enn 500 kW bygd ut i sammenheng med andre vindmøller som samlet representerer en installert effekt på mer enn 1500 kW. En slik nedre effektgrense er nødvendig for å stimulere til installasjon av effektive vindkraftanlegg som legger beslag på minst mulig areal og skjer på avgrensede områder.»

3.2 Spørsmålet om lovheimel for å oreigne til vindkraftformål

Justisdepartementet viser til merknadene sine i høyringsbrevet 12. mai 1998, sjå punkt 2.2 foran. Departementet viser òg til at dei fleste høyringsinstansane som har gitt realitetsmerknader, er positive til lovframlegget, eller dei har ikkje innvendingar mot det. Særleg vil departementet vise til Regjeringa si målsetting om utbygging av vindkraft, sjå punkt 3.1 foran. Skal ein nå dette målet, lyt lovverket leggje til rette for det, jf. fråsegna frå Miljøstiftelsen Bellona som er attgjeven framanfor.

Justisdepartementet går ut frå dette inn for at det blir gitt oreigningsheimel for vindkraftformål i oreigningslova. Det er naturleg å gi slik heimel når utnytting av vindkraft no er blitt aktuelt. Å sikre tilgang til kraft ved å ha tenlege lover er ei naturleg statsoppgåve. Etter oreigningslova og vassdragslovverket har ein tenlege heimlar for å oreigne til slike kraftverk som til no har vore aktuelle; varmekraftverk og vasskraftverk, og endåtil til atomkraftverk. Ei lovendring for vindkraft er ei naturleg følge av den tekniske utviklinga og samfunnet sitt ønskje og trong for å satse meir på energi som trekkjast ut frå naturkreftene, med minst mogleg ureining.

Som det går fram under punkt 2.3, har nokre høyringsinstansar otte for mellom anna korleis vindkraftutnytting kan bandleggje landbruksareal. Sjølv sagt kjem ein ikkje unna at utbygging av vindkraft kan støyte mot andre interesser som gjeld bruk av areala. At det blir gitt heimel for å oreigne til vindkraftverk, gjer likevel ikkje at utbyggingsinteressa, utan omsyn til tilhøva, vil få forrang i høve til andre interesser. Etter oreigningslova § 2 siste leddet kan oreigning ikkje skje «utan det må reknast med at inngrepet tvillaust er til meir gagn enn skade».

Når ein ser på tilhøvet til andre interesser, må ein òg sjå på både lovverket og energipolitikken heilskapleg. Under punkt 3.1 går det fram at det for Regjeringa er viktig at utbygginga av vindkraft skal skje ut frå ei planlegging som

både tek omsyn til korleis ein kan få ei god utnytting av vindressursane, og på same tid tek i vare både miljø, landskap og anna bruk av areala. Prosjekt som har fått konsesjon etter energilova og er kostnadseffektive, kan få investeringsstøtte dersom det einskilde aggregatet har ein viss storleik og utbygginga skjer i vindkraftparker med ein viss storleik. Allereie dette gjer at ein vanskeleg kan få ei utvikling med særst spreidd vindkraftutbygging med ein-skildturbinar. Oreigningsheimelen kan til vanleg ikkje tenkjast nytta utan for å få skipa slike vindkraftparker som ein òg kan få investeringsstøtte til. Vindkraftverk vil heller ikkje kunne bli førte opp om anlegget er i strid med arealbruk fastsett i bindande planar etter plan- og bygningslova. Dette gjeld utan omsyn til om det er gitt oreigningssamtykke. Utsikta til at oppføring lovleg kan skje etter plan- og bygningslova, ut frå bindande planar eller pårekneleg planendring, vil i seg sjølv vere viktig for vurderinga av om samtykke til oreigning i det heile vil bli gitt etter oreigningslova § 2 siste stykket.

Eit oreigningsinngrep til vindkraftformål kan gjerast på ulike måtar. Oreigningslova § 1 seier følgjande:

«Oreigningsinngrep er det etter denne lova når eigedomsretten til fast eigedom eller til bygning eller anna som har fast tilknytning til slik eigedom, vert teken med tvang, eller når bruksrett, servitutt eller annan rett til, i eller over fast eigedom vert teken, brigda, overført eller avløyst med tvang, såleis og forbod mot å nytta eigedomen på ein viss måte.»

Ved utbygging av vindkraftverk kan eit oreigningsinngrep etter tilhøva vere ei kombineringsrett av å ta eigedomsrett, skipe bruksrettar eller skipe forbod mot ei viss eigedomsutnytting. Kva eit inngrep skal gå ut på og kor omfattande det skal vere, må følgje av omstenda i kvart tilfelle. Eit oreigningsinngrep kan mellom anna gå ut på å føre over eller skipa naudsynte rettार utan at eigedomsretten til grunnen blir teke. Skipping av rettार kan skje for alltid, eller for ei viss tid og med plikt for oreignaren til å rydda grunnen når tida er ute.

For å unngå støy over visse grenser reknar ein - for dei vindturbinane som er på markedet i dag - ein minsteifråstand til grannehus på 100 - 200 meter for mellomstore vindturbinar (150 - 750 kW effekt), og på 200 - 300 meter for store vindturbinar (mer enn 1 MW effekt). Men ifråstanden må vurderast konkret i kvart ein-skild tilfelle, jf. Rapport 19 1998 frå Noregs vassdrags- og energiverk; Asle Selfors og Siv Sannem, Vindkraft - en generell innføring s. 25-26. Busetjinga er ikkje tett i dei stroka langs kysten som ligg best til rette for vindkraftverk. I Rapport 19 1998 s. 29 heiter det vidare om bandlegging av areal og ressursar:

«Ved lokaliseringsvalg bør det tilstrebes å unngå nedbygging av dyrkingsjord og andre verdifulle arealressursar. En enkelt vindmølle legger ikke beslag på mye areal, men med et stort antall vindmøller og med permanent adkomstvei til disse, kan det samlede arealtapet likevel ha en viss betydning. Såvel jordbruk som inn- og utmarksbeite, kan drives tett opptil vindmøllene. Ved plassering av vindmøllene bør man like fullt søke å unngå løsninger som gir dårlig arrondering av eiendommer eller som forringer driftsforholdene i jordbruket.

Siden det ofte ønskes at en plasserer vindmøllene i grenser mellom eiendommer og teiger, kan grunneierinteresser komme i konflikt med optimal utnyttelse av vindressursen, og med ønsket om å oppnå orden

i plasseringsmønsteret. I slike tilfelle bør hensynet til vindressursen og til visuell orden få prioritet.

I tillegg til jordbruksressursene er det viktig å ta hensyn til eventuelle sand- og grusforekomster og unngå nedbygging av dem. ...

Foruten selve vindmøllene må det bygges adkomstvei og tilknytningsledninger til eksisterende kraftledningsnett.»

Vindkraftutnytting kan altså sameinast med landbruksdrift, men ein kan ikkje vente at utbygging alltid vil kunne skje utan at konflikt og usemje i høve til grunneigarane kan kome opp. Og det kan vere at det bør oreignast for å få lagt eit vindkraftverk i terrenget på den måten som er best for driftstilhøva og miljøet.

3.3 Spørsmålet om skadebota for oreigninga

3.3.1 Som det går fram under punkt 2.3, har *Norges Skogeierforbund, Norges Bondelag og Den Norske Advokatforening* gått inn på spørsmålet om utmåling av skadebota for oreigning. Det er mellom anna sagt at lovreglane bør formast slik at grunneigarane får «en rimelig andel av verdiskapningen ved vindkraftproduksjon»; av «de verdier eiendommen representerer som produksjonsgrunnlag for denne virksomheten». Og det er teke til orde for at det av denne grunn bør bli gitt reglar om eit tillegg til skadebota.

3.3.2 *J u s t i s d e p a r t e m e n t e t* vil ikkje gjere framlegg om lovendringar i denne leia. Eit tillegg til full skadebot ved oreigning, vil bryte med grunnprinsippet i gjeldande rett om at skadebota skal gi dekning for tap, og ikkje ein part i oreignaren si moglege vinning eller risiko. Skadebota ved oreigning av til dømes areal som er utmark og kan nyttast for vindkraftverk, skal ikkje dekkje meir enn eigedomen sin verkelege bruksverdi eller salsverdi for eigaren. Reglane om skadebot ved oreigning skal ikkje medverke til ein samfunnsøkonomisk skadeleg særleg prisoppgang på faste eigedomar. Desse reglane skal heller ikkje føre til at verdauke som er blitt skapt av oreigningstiltaket eller av samfunnet, i urimeleg grad går til den som det blir oreigna frå.

Etter lov om vederlag ved oreigning av fast eigedom 6. april 1984 nr. 17 §§ 4-6, skal eigaren ha skadebot for verdien som den oreigna eigedomen eller retten, har for *han eller ho*. Dette kan føre til at skadebota til dømes blir svarande til ein avkastingsbasert bruksverdi. Men hvis eigedomen kan seljast for meir enn bruksverdien, er det salsverdien som svarer til eigaren sitt tap, og som det skal bli gitt skadebot for. I regelen om at eigaren skal ha dekt *sitt tap*; den verdi som eigedomen har for *han eller ho*, ligg det òg ei grense for skadebota: Om eigedomen for ein bestemt annan person vil ha ein større verdi, fordi denne andre til dømes vil bruke eigedomen på ein måte som gir betre avkastning enn ein vanleg eigar sin påreknelege bruk, gir ikkje dette i seg sjølv eigedomen større verdi for eigaren. Difor seier lova at den salsverdien eigaren har krav på å få skadebot for, er den verdien som det «må reknast med at vanlege kjøparar ville gje for eigedomen ved friviljug sal». Lov om vederlag ved oreigning av fast eigedom § 5 første og andre leddet lyder slik:

«Vederlag etter salsverdi skal fastsetjast på grunnlag av det som må reknast med at vanlege kjøparar ville gje for eigedomen ved friviljug sal.

Ved fastsetjinga skal det leggast vekt på kva slag eigedom det gjeld, kvar eigedomen ligg og den påreknelege utnytting som det røyn-

leg er grunnlag for etter tilhøva på staden. Det skal dessutan leggjast vekt på dei prisane som er oppnådd ved omsetnad av andre eigedomar som det er naturleg å samanlikna med, og likeeins på andre tilhøve som er avgjerande for salsverdien av eigedomen.»

Oreignaren skal likevel mellom anna ikkje betale for ein verdioppgang som kjem av sjølve oreigningstiltaket, oreignaren sine egne planar om framtidige investeringar, eller av verksemd som har direkte samanheng med oreigningstiltaket, sjå nærare lova § 5 tredje og fjerde leddet. Elles må oreignaren betale dobbelt for verdiar som han eller ho sjølv aktivt skaper.

Justisdepartementet vil peike på at det omstendet at ein eigedom, til dømes ein utmarkseigedom, er godt eigna til bruk for vindkraftverk, etter tilhøva vil kunne få noko å seie for den salsverdien som skal dekkjast hvis eigedomen oreignast til slikt bruk: Ei breiare interesse for somme slag eigedomar kan verke inn på den prisen som eigaren kan få ved friviljug sal. I vindkraftsamanheng må ein vurdere dette ut frå kva ei breiare gruppe av tiltakshavarar vil vere viljuge til å betale under vanlege tilhøve. Hvis mange nok ventar at skiping og drift av vindkraftverk vil vere lønnsomt, mellom anna på grunn av ei teknisk utvikling, offentlege støtteordningar og stigande prisar på kraft, kan dette gje ei ny eller større interesse og generell auka verdi for rettar over eigedomar med gode tilhøve for utvinning av vindkraft. Ein eventuell salsverdi vil då òg bli påverka av kor stor tilgang det er til areal med gode vindtilhøve, der ein kan vente å få alle naudsynte offentlege løyve til utbygging, og som ligg tenleg til i høve til eksisterande vegar og kraftnett. Altså vil grunneigaren ved oreigning, etter dei gjeldande reglane, få full skadebot for den verdien som eigedomen verkeleg har for han eller ho som grunnlag for utvinning av vindkrafta.

3.3.3 Som det går fram av punkt 2.3, kan det verke som *Norges Skogeierforbund* og *Norges Bondelag* går ut i frå at ein ikkje kan få fram ein verkeleg markedsverdi for areal og rettar dersom ein ny oreigningsheimel vert lovfesta, og at skadebota ved oreigning derfor vil bli sett for låg i høve til ein verkeleg markedsverdi. Justisdepartementet viser her til fråsegnen frå *Olje- og energidepartementet*, om at departementet «går ... ut fra at det i de aller fleste tilfelle vil være mulig å oppnå nødvendige avtaler uten å måtte gå veien om ekspropriasjon».

Justisdepartementet finn det elles rett å dra fram noko meir om gjeldande rett, i lys av fråsegnene frå *Norges Skogeierforbund*, *Norges Bondelag* og *Den Norske Advokatforening*.

Eit hovudpoeng då lova blei gitt i 1984, var at det som utgangspunkt skulle bli gitt skadebot «for den verdi som ligger i eiendommens naturlige og påregnelige utnyttingsmuligheter». Det vart streka under at «vilkåret for at det skal kunne tas hensyn til en forventet framtidig bruksendring ved verdsettingen, må være ... at det er reelt grunnlag for endringen og at forventningen må *antas å ha gitt seg utslag i salgsverdien*» (utheva her), jf. Ot. prp. nr. 50 (1982-83) s. 24. Sjø òg Innst. O. nr. 27 (1983-84) s. 5: «Det er verdien av det framtidige eigarrådveldet som skal godtgjerast under føresetnad av at verdien har gjeve seg utslag i prisnivået når vederlaget vert fastsett».

Det går fram av Ot. prp. nr. 50 (1982-83) s. 47 at lov om vederlag ved oreigning av fast eigedom § 5 første og andre leddet blei utforma mellom anna med

tanke på at ein ved fastsetjinga av skadebota nokre gonger vil måtte vurdere tilfelle «hvor det ikke synes praktisk mulig å finne fram til et prisnivå på sammenlignbare eiendommer». I proposisjonen blei det her vist til Innstilling om skjønnsordningen og om erstatningsutmåling ved ekspropriasjon («Husaas-komiteén»), 1969, s. 152:

«Dersom det ikke er mulig å finne et grunnlag for verdiansettelsen på basis av priser for frivillige eiendomsoverdragelser, må skjønnsmyndigheten på fritt grunnlag gjøre seg opp en mening om hva salgsverdien kan antas å være. Den må forsøke å danne seg en mening om hva forstandige parter etter dagens markedssituasjon antas å ville komme fram til ut fra de utnyttingsmuligheter som måtte foreligge og uten hensyn til ekspropriasjonen. Disse muligheter må vurderes nøye. ...».

I denne sammenhengen er det òg naturleg å vise til at departementet i Ot. prp. nr. 50 (1982-83) s. 48 heldt fram at prisen ikkje må kvile «på et spekulativt grunnlag», og at ein ved skjønet skal få fram «en generell eller alminnelig salgsverdi». Justisdepartementet sa vidare i proposisjonen (s. 53) at «anvendelsen av § 5 første og annet ledd i stor utstrekning vil måtte bli *skjønnsmessig* ..., og at erstatningsfastsettelsen vil måtte skje etter en *totalvurdering* Det er imidlertid viktig at skjønsretten i den forbindelse ikke taper av syne at ekspropriaten bare har krav på erstatning for sitt økonomiske *tap* som følge av ekspropriasjonen. Ekspropriaten har bare krav på erstatning for den salgsverdi som ut fra de kriterier som er gjennomgått ovenfor, *faktisk* kunne ha vært oppnådd dersom ekspropriasjonen ikke hadde skjedd. ...»

3.3.4 Justisdepartementet meiner at desse gjeldande reglane om skadebot for oreigning, gir ein rimeleg balanse mellom ulike kryssande omsyn som gjer seg gjeldande. Departementet vil meir allment vise til Ot. prp. nr. 50 (1982-83) s. 46-58 og Innst. O. nr. 27 (1983-84) s. 5-6 (merknader frå fleirtalet i Justiskomiteén; Høgre, Kristeleg Folkeparti og Senterpartiet).

Når ein eiendom vert oreigna til vindkraftutvinning, vil grunneigaren altså få skadebot for den fulle generelle auken i salsverdien som eventuelt er komen for eiendomar som lovleg kan påreknast brukt til vindkraftutvinning. Dette er heilt på same vis som grunneigaren etter dei same reglane får skadebot for den fulle salsverdi for eiendomar som lovleg kan påreknast brukt til dømes til tomt grunn.

3.3.5 I Ot. prp. nr. 39 (1998-99) Lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven), går Regjeringa inn for at all skadebot ved oreigning til vasskraftproduksjon, skal forhøyast med 25 prosent. Reglar om tilleggsskadebot ved oreigning til vasskraftproduksjon finst òg etter gjeldande rett. Olje- og energidepartementet gir i Ot. prp. nr. 39 (1998-99) s. 231 desse grunnane for å halde oppe ein regel om meirskadebot i lovforslaget:

«Det er lange tradisjoner for at grunneierne og lokalsamfunnet skal ha en kompensasjon når vannressursene utnyttes av andre til industriell bruk. Ved å gi en ekstra erstatning har tanken vært at en andel av verdiskapningen er blitt i distriktet. Ved utnytting av andre naturressurser enn vassdrag og mineraler finnes det imidlertid ikke bestemmelser om at grunneierne skal ha slik mererstatning.

Departementet finner likevel at utnyttelse av vannkraften står i en særstilling. Spørsmålene om erstatning i vassdragssaker kan være svært kompliserte både med hensyn til ansvarsgrunnlag og utmåling.

Mererstatningen kan derfor representere en kompensasjon som kan være rimelig i kompliserte saker ...

Vannkraft er en naturressurs av stor økonomisk verdi for den enkelte rettighetshaver, og det avstås med dette råstoff til en produksjon av meget høy verdi. Departementet mener det er rimelig at grunneier får en viss del av fortjenesten som tilkommer regulanten når et vassdrag blir regulert til kraftutvinning. En andel av verdiskapningen bør beholdes i distriktet hvor vassdragsutbygging foretas. En slik mererstatning kan være med på å bygge opp under næringsgrunnlaget i distriktene hvor vannkraftressursene skal utnyttes.»

Justisdepartementet viser til at særreglar om skadebot ved oreigning har tradisjon ved vasskraftutbygging. Justisdepartementet viser òg til det Olje- og energidepartementet seier om at utnytting av vasskraft står i ei særstilling. Departementet vil ikkje gå inn for særreglar om skadebot ved oreigning, fordi ein meiner at dei gjeldande lovreglane vil gi rimelege utslag i høve til vindkraftproblematikken. Dessutan vil departementet halde fram følgjande: Jamvel frå ein regional- og distriktspolitisk synsstad er det viktig å leggje tilhøva til rette for produksjon av vindkraft. Tillegg til skadebota ved visse slag oreigning kan gi ei uheldig konkurransevriding ved at desse tiltaka blir dyrare enn andre tiltak. Noreg står føre store utfordringar i energipolitikken. Det vil vere lite effektiv bruk av verkemiddel om ein på den eine sida skal gi statleg tilskot til vindkraftutbygging, og samstundes gi vindkraft ei konkurranseulempe ved eit tillegg til skadebota ved oreigning. Eit slikt tillegg vil i praksis få verknad jamvel for prisar ved friviljuge avtaler.

4 Administrative og økonomiske konsekvensar m.m.

Om oreigning bør setjast i verk i det einskilde høvet, vil måtte vurderast konkret på same måte som for andre slag oreigningsinngrep. Sjå særleg oreigningslova § 2 siste leddet: Oreigning kan ikkje skje «utan det må reknast med at inngrepet tvillaust er til meir gagn enn skade».

Bygging av vindkraftverk vil gi offentlege styremakter ymse slag administrativt arbeid. Mellom anna kan konsesjonshandsaming etter energilova 29. juni 1990 nr. 50 vere naudsynt, om kraftverket har ein viss storleik. Jamvel andre lover vil eller kan få verknad ved bygging av vindkraftverk, særleg plan- og bygningslova 14. juni 1985 nr. 77 og forureiningslova 13. mars 1981 nr. 6. Dessutan kan kulturminnelova 9. juni 1978 nr. 50 vere naturleg å nemne her. Administrativ handsaming av ei oreigningssak kjem i tillegg til dette.

Som det går fram av punkt 2.1, kan ei lovendring få som verknad at ei oreigning kan setjast i verk tidlegare enn om den må skje etter plan- og bygningslova. Lovendringa gjer at energistyremaktene kan vedta å oreigne alleie parallelt med ein kommunal planprosess. Vedtaket kan gå ut på å gi samtykke til oreigning direkte til føremon for utbyggjaren, altså utan at det offentlege må stå som oreignar, som eit uturvande mellomledd. Alt dette gjer at utbygging kan bli sett i verk snarast mogleg etter at det kommunale planarbeidet er ferdig. Utbygging kan likevel til sist ikkje skje utan det kan sameinast med planar etter plan- og bygningslova, og, slik det går fram under punkt 3.2, må energistyremaktene ved si vurdering av spørsmålet om det skal oreignast, vurdere utsikta til at utbygging lovleg vil kunne skje etter plan- og bygningslova. Kommunar som ønskjer å få bygt vindkraftverk, og førebur dette etter plan- og bygningslova, vil som følgje av lovendringa i praksis sleppe òg å måtte handsame ei eventuell oreigningssak etter plan- og bygningslova.

På grunn av dei skilnader som er mellom oreigning etter oreigningslova og etter plan- og bygningslova, må ein gå ut frå at ei lovendring kan føre til at oreigningsinngrep kan bli sett i verk oftare enn om lova ikkje blir endra. Justisdepartementet har som føresetnad at eit mogleg administrativt meirarbeid skal skje innanfor vanlege budsjettammer.

For utbyggjaren kan ein oreigningsheimel i oreigningslova etter tilhøva gjere at vindkraftverket kan bli lagt i terrenget på den måten som gir best driftstilhøve. Ei endring i oreigningslova kan ha ein god miljøverknad av di den legg til rette for å dekkje etterspurnaden etter energi ved eit energislag som ålment må reknast å ha moderate miljøverknader. Ei endring vil òg gjere det lettare å leggje kraftverket i terrenget på den måten som er best for miljøet. Justisdepartementet føreset at ulemper for miljøet blir vurderte i samband med den einskilde oreigningssaka.

Justis- og politidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endring i lov 23. oktober 1959 nr. 3 om oreigning av fast eigedom.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endring i lov 23. oktober 1959 nr. 3 om oreigning av fast eigedom i samsvar med eit framlagt forslag.

Tilråding frå Justis- og politidepartementet ligg ved.

Forslag til lov om endring i lov 23. oktober 1959 nr. 3 om oreigning av fast egedom

I

I lov 23. oktober 1959 nr. 3 om oreigning av fast egedom skal § 2 første leddet nr. 19 lyde:

Varmekraftverk, *vindkraftverk*, kraftliner, transformatorstasjonar og andre elektriske anlegg.

II

Lova gjeld frå den dagen Kongen fastset.
